

## Ny løe på gamal tuft i Gardsbarnehagen.

11.10.2018



Erlend Bjørnebøle med god hjelp av far og svigerfar monterer vegg- og takplater.

**Ein gardsbarnehage må ha ei løe og slik vert det i Dønhaug Gardsbarnehage. Arbeidet starta med riving av den gamle løa, utreisning og murarbeid før nytt reisverk i stål kom på plass for kort tid sidan. No er det tid for plating av vegger og tak. Løa skal vera klar til bruk tidleg i det nye året, 2019. Kostnaden er rekna til kr. 500.000,-. I tillegg kjem stor eigeninnsats.**

Barnehagestyrar og eigar av Dønhaug Gardsbarnehage, Helene Bjørnebøle, fortel til Uskedalen.no at ein lenge har tenkte på ei løe der ein kan samla dyra og la borna vera med på dagleg stell og foring. Oppstarten i 2019 vert med desse dyra: Sauer, gris og høner. Den gamle løa på bruket er riven og murane er gjort klart for nytt bygg. Den store golvflata vil gje plass til mange aktivitetar. I tillegg kjem garderobe med vaskemuligheter.

Løa i Gardsbarnehagen vert ein viktig del av det miljøskapande arbeidet. Borna skal få kontakt med dyra på ein naturleg og praktisk måte. Kvar dag vert ei gruppe involvert i foring, dyrestell og det å gjera reint for dyra. Løa høyrer til og er ein del av gardsbruket på Dønhaug. Barnehagen låner løa til sine aktivitetar.

Dønhaug Gardsbarnehage er godkjend for 26 plassar. Plassane er fylt opp med 18 born ettersom nokre tel som 1,5 plass. Det er ikkje ledige plassar pr. i dag.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Reisverket er montert. Det neste i byggeprosessen er kledning og takplater.